



Arvid Villanger
Rossnesvegen 414
5937 BØVÅGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/7629 - 21/12895

Saksbehandlar:
Ingrid Bjørge Pedersen
ingrid.bjorge.pedersen@alver.kommune
.no

Dato:
25.02.2021

Vedkomande nabovarsling til søknad om frådelling - gbnr 418/9 Villanger

Vi syner til søknad om frådelling og handsaming av klage på avslag.

Søknad er ikkje nabovarsla i samsvar med plan- og bygningslova sin føresegn § 21-3. Vi har motteke melding frå naboar om at dei ikkje har motteke nabovarsel eller at nabovarsel ikkje er sendt til folkeregistrert bustadadresse. Dette resulterer i at naboar ikkje har kunne vurdere søknad og kome med eventuelle merknader til saka.

Klage på avslag var opphavleg satt opp til handsaming i politisk møte i mars. På bakgrunn av manglande nabovarsle kan ikkje denne handsamast i dette møtet. Vi ber difor om at det snarast vert sendt ut komplett nabovarsle til alle berørte partar. Vi gjer her merksam på følgjande:

1. Alle eigedomar som grensar direkte til avgivareigedom skal ha nabovarsle
2. Dersom ny eigedom til dømes skal nytta veg over anna privat eigedom skal denne eigedomen ha nabovarsle.
3. Dersom ei part har rettar knytt til avgivareigedomen skal denne part har nabovarsle
4. Dersom ei part kan vere berørt av tiltaket skal denne eigedomen ha nabovarsle

Dersom nabovarsle vert sendt som post skal det nyttast folkeregistrert bustadadresse.

Vedlagt følgjer naboliste for omsøkte teig. Vi gjer samstundes merksam på punkta over, slik at De som søkjar må vurdere om andre også skal motta nabovarsle.

I påvente av komplett nabovarsle vert saka lagt på vent, dette til orientering.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Ingrid Bjørge Pedersen
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur.

Vedlegg:

naboliste4189

Mottakarar:

Arvid Villanger

Rossnesvegen 414

5937

BØVÅGEN